



HORNINDAL KOMMUNE

Sakspapir

2003/2997 - 145
 0007
 ASR/BS
 TIN
 486

SAKSGANG			
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr.:	Saksbehandlar
Utval for utvikling	11.12.2003	105/03	JH

Saksansvarleg: Joar Helgheim	Arkiv: 243 Objekt:	Arkivsaknr.: 2003000818
------------------------------	-----------------------	----------------------------

Høyring på utkast til forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket m.m.

SAKSTILFANG / LOVER / PLANDOKUMENT

- Jordlova.
- Forskrift om miljøplan.
- Forskrift om investeringsstøtte til miljøtiltak.
- Forskrift om tilskudd til spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap med freda og verneverdige bygningar.
- Forskrift om behandling av søknader og utbetaling av statstilskudd m.v. til skogsveier.
- Forskrift for tilskudd til praktikanter i skogbruket.
- Forskrift om tilskott til førstegangstynning.
- Forskrift om tilskudd til drift i vanskeleg terreng.
- Forskrift om tilskott til skogkultur.
- Forskrift om tilskudd til bygging av skogsveier.
- Forskrift om tilskudd til miljøtiltak i skogbruket

Vedlegg:

- Høyringsbrev dagsett 28.10.03, med forslag til forskrifter, frå Landbruksdepartementet.

SAMANDRAG.

Det vert gjeve høyringsuttale til utkasta til forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

FAKTA.

Kommunane vil frå og med 2004 få tildelt ei årleg disposisjonsramme frå Fylkesmannen. Ramma omfattar midlane til miljøtiltak i landbruket, nærings- og miljøtiltak i skogbruket og skogbruksplanlegginga. Kommunane må utarbeide fleirårige tiltaksstrategiar som skal ligge til grunn for fastsetjing av disposisjonsramme til kommunane.

Bruken av midlane skal skje etter dei retningslinjer/reglar som vert fastsett i forskrifter. Det er utarbeidd to framlegg til forskrifter; forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

Fyrstnemnte forskrift skal erstatte forskrift om investeringsstøtte til miljøtiltak og forskrift om tilskudd til spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap med freda og verneverdige bygningar (pluss forskrift om tilskudd til miljørettet omlegging av kornområder). Den andre forskrifta skal erstatte følgjande forskrifter; forskrift om behandling av søknader og utbetaling av statstilskudd m.v. til skogsveier, forskrift for tilskudd til praktikanter i skogbruket, forskrift om tilskott til førstegongstynning, forskrift om tilskudd til drift i vanskeleg terreng, forskrift om tilskott til skogkultur, forskrift om tilskudd til bygging av skogsveier og forskrift om tilskudd til miljøtiltak i skogbruket.

VURDERING / KONSEKVENSA.

Generelt om nye oppgåver for lokaldemokratiet:

Vi trur at det kan vere positivt at kommunen får hand om dei økonomiske virkemidla det her er snakk om. Positivt i forhold til at kommunen aktivt kan utforme ein miljø- og kulturlandskaps-politikk gjennom strategiplanar. Vi håpar dette kan bidra til betre målretting av desse virkemidlane.

Ein føresetnad for ei vellykka overføring av nye oppgåver til kommunenivået er likevel at kommunen har tilstrekkeleg økonomi til å følgje opp desse. Det er her på sin plass og nemne at fagkompetansen innanfor landbruk (og til ei viss grad miljø) i mange kommunar har vorte bygt ned over ein lengre periode.

I høve til handsaming av søknader vert det nok noko ekstraarbeid for kommunane no når dei får avgjerdsmynde sjølve, samanlikna med dagens ordning (kun "tilrådingsmynde"). Det største "ekstraarbeidet" ser vi likevel for oss knytt til utarbeiding tiltaksstrategiar/-planar for kulturlandskap/miljøtiltak. Dette er ei ny oppgåve, som vi ikkje har utført tidlegare. Dette arbeidet må truleg organiserast etter reglane for kommunedelplanar i plan- og bygningslova. Vår erfaring med planarbeid er at eit vellykka resultat i stor grad avheng av medverknad frå innbyggjarane/næringsinteressene og hyppig rullering av planar. Dette er både tid- og ressurskrevjande for kommuneadministrasjonen.

Vi vil etter dette understreka at kommunane må få auka rammeløyvingane sine dersom målet med denne oppgaveoverføringa er å styrke det lokale sjølvstyre, vitalisere lokaldemokratiet, gje kommunane betre høve til å sjå landbrukspolitikken i samanheng med andre samfunnsoppgåver og samstundes bidra til betre målretting og effektivisering av statlege verkemiddel (jamfør ynskjemål skissert høyringsbrev).

Generelt om forskriftene:

Ei effektiv forvaltning må byggje på eit samordna regelverk, som er lett å finne fram i og handheve. I dette tilfelle ligg her føre utkast til to forskrifter som med fordel kunne vore endå betre samordna. Vi vil spesielt peike på forskriftene sine reglar om søknadsrutiner, sakshandsaming, kontroll, utbetaling, klage, tilbakebetaling og liknande.

Det er lite som er i vegen for at reglane som er nemnt over kan vere identiske i desse to forskriftene (utifrå formålet med desse forskriftene). Enkelte skilnader kan vere påkravd, men i hovudsak bør reglane vere like. Det vil lette kommunen si oppfølging av forskriftene. I tillegg vil det vere lettare å forhalde seg til for søkjarane.

Vi vil oppmode departementet om at forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket sine reglar frå og med § 6 til og med § 11 og forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket sine reglar frå og med § 6-1 til og med § 7-3 vert samordna (og berre når det er absolutt påkravd bør dei avvike frå kvarandre).

Om forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket:

§§ 1 og 2

Ingen merknader.

§ 3 Vilkår

Vi merkar oss som positivt at *"tilskudd kan gis til, til eier av landbrukseiendom,"* uavhengig av om eigaren oppfyller kriteria for å oppnå produksjonstilskot (konferer dagens STILK-forskrift [forskrift om investeringsstøtte til miljøtiltak og forskrift om tilskudd til spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap med freda og verneverdige bygningar]). Dette er positivt fordi det i mange tilfelle vil vere rett å gje støtte til eigarar av bruk som ikkje er aktivt drivne der desse har miljø- og kulturlandskapsverdiar av verdi for storsamfunnet (jamfør formålet i § 1).

Paragrafen sitt avsnitt nr. 2 (*"Det kan settes vilkår....."*) bør flyttast til § 8 eller tilsvarande (jamfør det som er sagt "generelt om forskriftene", sjå over).

§§ 4 og 5

Ingen merknader

§ 6 Søknad og søknadsfrist

Siste setning vert foreslått endra til: *"Eigen plan for tiltaket og/eller miljøplan skal ligge ved søknaden"*. Denne endringa vil hindre misforståingar knytt til formuleringa *"der dette er pålagt"* (jamfør framlegg til forskrift).

Det bør i alle høve vere laga plan dersom tiltak skal kunne støttast. Kommunane vil ved handsaming av søknader ha behov for opplysningar kring tiltaket for eksempel kor det ligg, kva som skal gjerast, vurdering av konsekvensar, korleis oppfølging av tiltaket eventuelt er tenkt, osv. I dei tilfella det er utarbeidd miljøplan på bruket, etter reglane i forskrift om miljøplan, bør dette vere tilstrekkeleg (eventuelt må forskrift om miljøplan tilpassast eit slikt krav). Bruk utan miljøplan må etter dette enten utarbeide slik plan eller ein særskilt plan kun for omsøkte tiltak.

Sjå elles det som er sagt "generelt om forskriftene" over.

§§ 7 - 11

Sjå "generelt om forskriftene" over.

§ 12 Ikrafttredelse

Ingen merknader.

Om forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket:

§§ 1-1 til 4-1

Ingen merknader

§ 4-2 Miljøhensyn ved driftstilpasninger eller ikke-hogst

Vi vil peike på at omgrepet "villmarkspregede områder" i siste avsnitt etter vårt syn er for snevert dersom ein skal følge definisjonen gjeve i § 3-1. Det kan tenkjast mange andre tilfelle der vegbygging kjem i konflikt med spesielle miljø- og landskapsverdier som gjer det tenleg å bruke tilskot til å dekke meirkostnader. Vi kan til dømes tenkje oss situasjonar der ei veglinje må leggjast gjennom ei vestlandslø med spesielle verdier (for eksempel eit unikt kulturlandskap) for å kunne brukast til å drive ut eit granfelt planta for 50 år sidan.

Vi ser for oss to mulege måtar å klargjere dette på. Fyrste alternativ er å ta vekk heile siste avsnitt og seie som så at desse tilfelle allereie er fanga opp av formuleringa "*til dekning av økonomiske tap der miljøkvaliteter krever særlig økonomisk tyngende miljøtilpasninger ved skogsdrift*", i paragrafen sit fyrste ledd. Vårt syn er at "villmarkspregede områder" er fanga opp gjennom omgrepet "miljøkvaliteter".

Alternativ to vert å skrive om siste avsnitt, til for eksempel: *Det kan også gis tilskudd til dekning av merkostnader ved skogsdrift for å unngå vegbygging der dette vil redusere "villmarkspregede områder" og/eller komme i konflikt med andre viktige miljø- og landskapsverdier.*

§§ 4-3 og 4-4

Ingen merknader.

§ 5-1 Generelt

Vi vil peike på at siste ledd kan bidra til unødvendig forvirring kring bruk av tilskot til taubanedrift. Det vil utan tvil vere tilfelle der taubane drift fell innunder omgrepa "miljøtilpasninger" og "merkostnader" i § 4-2, høvesvis fyrste og tredje ledd.

Vår tolking er at det då kan gjevast tilskot til taubanedrift uavhengig av regelen i § 5-1 siste ledd, men dette treng ikkje vere openbert for potensielle søkjarar. Vi vil difor råde til at siste ledd vert fjerna frå paragrafen, for å fjerne ei kjelde til misforståing.

Det er etter vårt syn ikkje behov for at denne setninga er med i forskrifta i det heile. Spesielle forhold knytt til tolking av kva tiltak som fell innunder dei einskilte ordningane bør truleg uansett gjerast klart gjennom eit eige rundskriv til forskrifta.

§ 5-2

Ingen merknader.

§ 6-1 Søknad og saksbehandling

Vi vil hevde at eit felles søknadsskjema for alle ordningane er både lettare og administrere for kommunane og lettare å forhalde seg til for søkjarane. Vi vil difor be om at fyrste setninga vert endra til "*Det skal benyttes søknadsskjema som er utarbeidet av Statens landbruksforvaltning*" (jamfør utkast til forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket § 6). Statens landbruksforvaltning bør utarbeid eit fellesskjema som gjeld for alle ordningane i dei to nye forskriftene.

Vi viser elles til det som er sagt "om forskriftene generelt" (sjå over).

§§ 6-2 til 7-3

Sjå "generelt om forskriftene" over.

§ 7-4 Ikrafttredelse m.m.

Ingen merknader.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

I høve Landbruksdepartementet si høyring på utkast til forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket sluttar Utval for utvikling seg til uttalen/merknadane som kjem fram under "vurdering/konsekvensar" i saksutgreiinga over.

Eirik Natvik /s.
- rådmann -

Jarle Tvinnereim
Utviklingssjef

11.12.2003 UTVAL FOR UTVIKLING**UFU-105/03 VEDTAK:**

Samr.: Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert godkjent

Kopi til:

Landbruksdepartementet

Postboks 8007 Dep

0030

OSLO

Hornindal, den 11.12.2003

Solfrid O. Lien
Solfrid Otterdal Lien
- Sekretær -